

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag 20.11.2018

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Elin Taranger, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen, Aksel Lygre. 2.vara: Magnhild Nøstbakken

Sak 86 – 2018 Godkjenning av innkalling og møtebok av 23.10.18.

Merknad til innkalling: Viktig å vere merksam når ein vidare sender e-post.
Innkalling og møtebok godkjendt

Sak 87 – 2018 Oppfylging av tidlegare saker.

- Utbetring av inngangsparti. Arbeidet er i gong og vert fullført denne veka.
- Evaluering av temakveld: God bibeltime, men tema vart litt for nært og privat for mange til å gi respons på.
- Samlingar temakveldar til våren: Det vert ein diakonikveld, ei kveldsgudsteneste, og ein temakveld. Tema og datoar for kveldane vert bestemt på neste soknerådsmøte.
- Medarbeidarfest 24.01.2019 i Håvik bedehus. Info ved Rune: Soknerådet vert oppmoda om å stille med kaker.
- Evaluering av prostidag 25.oktober: Viktig å ta vare på dei som jobbar frivillig. Korleis gjer ein det? Medarbeidarfest, gje ein blome, oppmuntre o.s.v.
- Etter inspirasjonssamling: Cellegrupper. Aksel la fram forslag til plan i kyrkja sin regi. Forslaget vart godkjent, med små endringar.
- Etter inspirasjonssamlinga: Kva oppgåver ynskjer me å involvera folk i? Jamfør skriv om cellegrupper.
- Giroinnsamlinga november: Giroane vart fordelte på soknerådsmøtet.
- Invitasjon til tur til Estland sommaren 2019, ved Aksel. Invitasjonar vart utdelt.
- Oppmerking av parkeringsplass. Det er på gong, og vil verte gjort i næraste framtid.
- Flaumljos – skifte av pære. Skal gjerast snarast.

Sak 88 – 2018 Overføring av midlar til fond for orgel.

Kor stor del av midlane samla inn frå giroaksjonen i fjor og i år skal overførast til fond for orgel?
Vedtak: 25 prosent av fjorårets, og årets giroaksjon går til nytt orgel.
Overføringa for 2017 blir tatt av disposisjonsfondet for 2017.
(Særutskrift send til kasserar.)

Sak 89 – 2018 Oppfylging etter møte med kyrkjelydspedagogar og andre sokneråd vedrørende trusopplæring. Me var ikkje mange nok på møtet til å kunne gjera vedtak, og må difor fylgja opp sakene i etterkant.

Londontur: Ønskjer Moster sokneråd dette tilbodet? Kvart år, eller annakvart år? For eit eller to kull?(17 og 18 år.)

Vedtak: Moster sokneråd seier ja til ein årleg Londontur for 18-åringane, med følgjande merknader: Det må leggjast til rette for økonomisk støtte til dei som treng det på ein

konfidensiell måte. Og det må vere likebehandling, med tanke på fritak frå skule.

12-festival for alle sokn i Bømlo-hallen på skulefridag:

Vedtak: Moster sokneråd seier ja til tiltaket.

Felles invitasjonar til nokre av tiltaka for 1-6 åringane?

Moster sokneråd seier nei til felles invitasjon.

Sak 90 - 2018 Soknerådsvalet 2019

Valkomité. Info ved Aksel.

Vegen vidare: Valkurs Grand Hotell, Stord, 22.01.19 kl.17 – 21.00

Soknerådsmedlemmene vert oppmoda til å delta.

Sak 91 – 2018 Samling med lokalt tilsette 15.januar kl.18:00 – 20:00.

SR 20:00 – 21:30.

Planlegging av bevertning og program.

Denne saka vert utsett til neste soknerådsmøte

Sak 92 – 2018 Kort gjennomgang og kvalitetssikring av arrangement i desember:

Lysmessa den 2. desember må flyttast frå kl. 19.00 til 19.30

Magnhild og Inger Marie hjelper til med konfirmantkappene.

Sak 93 – 2018 Referat og meldingar

- Liste over inventaret i Moster kyrkje – ved Aksel. Ola Jan Grindheim har sagt ja til å vere med å lage lista. Soknerådet godkjenner lista.
- Sikring av kvalitet på lyd og bilete i kyrkja. Mona orienterte
- Status godkjenning av preikestolsklede
- Frå møte i fellesrådet. Soknerådsleiarane og vararepresentane må få referata frå fellesrådet.
- Orgelkomité. Ny orgelkonsulent.: Arne Martin Aandstad. Mona orienterte.
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre

Sak 94 – 2018 Ymse

-Kyrkjevertliste for 2019 må utarbeidast

-Utkast til budsjett for 2019 må vere klart til neste soknerådsmøte.

Per Harald Gjerde

Skrivar